

PRESSEMELDING :

INNETEKSTSUTVIKLING I HAUGALANDSJORDBRUKET.



Skattbar næringsinntekt gjekk i 2009 ned med omlag 23.000 kr etter renter og avskrivning . Dette syner gjennomsnittstal frå Tveit Regnskap AS som er henta frå gardsrekneskapa på i alt 215 bruk frå Nord-Rogaland og Sunnhordland.

Tveit Regnskap AS fører rekneskapa for i alt 1200 gardsbruk i regionen, og i løpet av ein 20-årsperiode har ein fylgt utviklinga på omlag 300 av desse bruka. Dette er familiebruk som har hatt, og framleis har hovudinntekta si frå jordbruket, og omfanget ligg mellom 1,5 og 2 årsverk. Det spesielle med dette talmaterialet er at det er brukt faktiske tal frå rekneskapet og at det er dei same bruka som er nytta som grunnlag i heile perioden.

Årsaka til at inntekta stagnerer i 2009 todelt, for det første har veksten i dei store volumproduksjonane (gris og mjølk) flata ut og gått noko ned – spesielt gjeld dette svinenæringa. Vidare blir òg skattebar næringsinntekt redusert av auka avskrivningar. Dette igjen har to grunnar, auka investeringar i jordbruket og endring i avskrivingsreglane i 2009.

Som nemnt i tidlegare i dette føra har næringa vore, og er framleis inne i ei omfattande omstilling – der både teknologiske endringar og kostnadsnivå gjer at ein går mot større einingar, og større produsert volum på kvar enkelt gard. Volumauken på gardsbruka var mykje av grunnen til den merkbare inntektsveksten ein såg førre året (2008). Likeeins blir utslaga forholdsvis store andre vegen når ein ser at innteninga flatar ut eller går ned.

Kostnadsvekst er mykje av grunnen til at ein ser nedgang i dei store volumproduksjonane. Òg det er i stor grad auke i innsatsfaktorar som kraftfôr, gjødsel m.v. som spelar inn.

Inntektsnedgangen kan i liten grad tilskrivast endringar i pris. Utbetalingsprisane til bonden har vore litt varierende etter kva produksjon ein ser på, men for næringa totalt sett har prisane vore stabile eller svakt stigande. Enkelte ville nok trudd at ein hadde sett større vekst i utbetalingsprisane – dette av di det har vore politisk bestemt gjennom jordbruksavtalen at prisane skal opp for å styrkja lønsemda i næringa. At denne tiltenkte prisveksten ikkje fullt ut

har nådd bonden skuldast noko at varemottakarane ikkje har greidd å ta ut i marknaden den prisauken som var tiltenkt.

Historia har òg vist at konjunkturane i samfunnet spelar inn på forbruksmønsteret i befolkninga. Sjølv om ein i Noreg ikkje har hatt noko "reell" finanskrisa har nok den psykologiske effekten slått inn i forbruksvanane til folk.

Som nemnt innleiingsvis er det i svinenæringa ein har sett at inntekta flatar mest ut og hjå enkelte gått merkbart ned. Næringa har vore gjennom 2-3 år med stabil marknad, og i eit historisk perspektiv av den betre sorten. At no lønsemda flatar ut og går noko ned er naturleg ettersom lønsemda historisk sett går i bølger, noko som òg har gjeve ein eigen økonomisk teori; "svinesyklusen". Men årsaka til nedgangen denne gongen er ikkje den vante; markant overproduksjon og påfølgjande prispress. Grunngevinga ligg meir i kostnadsvekst på kraftfôr og andre innsatsfaktorar. Dette gir grunn til bekymring, då konsekvensane vil bli endå større visst ein skulle gå inn i ein overproduksjonsperiode i tillegg. Utbetalingspris på grisekjøt var om lag uendra i høve fjoråret.

Hjå mjølkebonden såg situasjonen noko lysare ut, utbetalingsprisen aukar med 10-12 øre pr. liter. Noko som isolert sett tilsvarer ein inntektsvekst på kr 15600 hjå ein snitt mjølkeprodusent, som leverer om lag 130 tonn mjølk. Men diverre går veksten med til å dekke auka kostnader i produksjonen. Auke i kraftfôrpris spelar her òg inn, i tillegg til ein turbulent gjødselmarknad (både nasjonalt og internasjonalt). Auka produksjon kompensere i stor grad den nedgang ein ser i lønsemd (dekningsbidrag). Produksjonsauken ein ser på gardsbruka skuldast i hovudsak leige av andre produsentar si mjølkekvote, i tillegg til 3 % generell auke i kvotane for 2009. Skal ein døma etter statistikken ser det ut til at bøndene dei seinare åra har vald å leige framfor å kjøpe kvote – snitt kjøp pr. bruk har dei tre siste åra stabilisert seg på om lag halvdelen sett i høve til 2005/2006.

Storfekjøtpriisen hadde ei positiv utvikling, og enda opp med ei auke på om lag kr 3,00 pr kg. Dette tilsvarer ei inntektsauke på om lag 15000 kr for eit kombinasjonsbruk med kjøt og mjølk.

Sauenæringa har hatt eit etterlengta løft i inntekt dei seinare åra, 2009 ser ut til å ha vore eit kvileår... Utbetalingspris til bonde gjekk ned om lag 50 øre pr kg. Noko som avvik frå den prisauken som låg inne i jordbruksavtalen 2009/2010.

Vidare auka overføringane frå staten med om lag 12.000 kr pr. bruk i snitt.

Investeringsviljen kan i mange tilfeller brukast som eit bilete på kva framtid tru brukarane har. Òg skal ein døma ut frå talmaterialet er framtidstrua god, sjølv om inntektsveksten butta noko i 2009. Både maskinbransjen og bygg/anlegg har nytt godt av investeringsviljen. I snitt investerer Haugalandsbonden for kr 140.000 i maskiner og kr 129.000 i bygningar kvart år, dette er meir enn ei dobling på 5 år (2005). Ein del av veksten i investeringar i bygningar kan nok òg tilskrivas staten si investeringspakke i samband med finanskrisa, som òg jordbruket fekk ta del i gjennom midlar frå Innovasjon Norge.

Finanskrisa har ikkje berre ført "elende" med seg, den har òg resultert i eit historisk lågt rentenivå. På lik linje med hus holdningane og anna næringsliv har landbruket òg nytt godt av dette. Rentekostnad pr. bruk gjekk ned med snaut 21000 kr.

Sjølvs om jordbruksinntekta flatar noko ut held familieinntekta i jordbruket i stor grad tritt med andre grupper i samfunnet. Inntekt utanom bruket auka med om lag 16.000 kr pr. bruk.

Tveit Regnskap AS
Andreas Lundegård (kontaktperson)

